



Vikøy Sokneråd

Postboks 39

5600

Referat frå SR i Norheimsund kyrkje 3.feb.2026 kl.19.00

Frammøtte: Solfrid, Vetle, Magne, Randi, Astrid, Tove og Gudrun

Frankie hadde info om brann i starten av møtet.

Opning: Solfrid:

Kaffe og noko å bite i: Randi

1/26 Innkalling og referat vart godkjende.

2/26 Evaluering/ orienteringssaker:

- **Info frå FR 3.des:** På minnelundene vert det ikkje symbol.
- **Info frå staben:** JH sluttar etter vinterferien (leiren på Framnes). SS har frist til 1.april. MA er tilbake for fullt. FA er delvis i farspermidsjon. HU har begynt i delvis jobb igjen. I dag har prosten hatt møte med staben. Dei skal finna tre ord som skal styra dagen/arb. I neste veke skal dei jobba med alle planane som etter kvart skal inn i portalen Kyrkja vår. Vetle skal sjekka om me i SR har tilgang.
- **Info frå kulturkomiteen:** Valgjerd S Haugland er aktuell å ha som føredragshaldar. Jostein Ørum kan òg vera aktuell i vår/haust.
- **Bøneveke:** Evalueringa er ikkje klar. Mange arr. Sofamøtet var mest besøkt (30-40 stk). I Øystese krk var det nesten 60 stk på det møtet Roar Strømme hadde. Fantastisk ikonutstilling av Solrunn.
- **Frivilligfest ved staben:** 31.mai kl.17.00 for alle sokna i Nhs krk. Etterpå vert det Gospelkonsert i Øystese krk kl.19.
- **Status eittåringar:** Her veit ein ikkje noko meir.
- **Søndagsskulen:** Tek ein pause, men håper å hjelpa til ved evt arr for barn.
- **Kyrkjemusikalsk arbeid: Korleis organiserer me midlar til kyrkjemusikalsk arbeid?** FR har eit forslag om at kvart SR kan setja inn ein årleg sum til kyrkjeverja - som igjen deler ut til organistane.

3/26 Halvårsplan våren 2026.

- SR: 3.februar, 3.mars, 28.april og 2.juni
- Fasteaksjon 24.mars. AHF snakkar med MA.
- Konfirmantfest 15.april, rigging 14.april
- Årsmøte 8.mars
- Krupka konsert 25.april. MKK og RE vert med frå SR.
- Dato for dugnader i Norheimsund 27.april kl.17 og Vikøy 12.mai kl.17.

4/26 Ein god dag. Arrangerast for 10.gong i Kvam. NIM ønsker å gjere dette saman med ØIM og sokneråda. Datoane er satt til 14.april og 18.april (Sjå vedlegg). Har nokon moglegheit til å vere med i planlegginga vidare av Ein god dag?

Vedtak: I år får me ikkje til å vera med pga mange arrangement i SR sin regi.

5/26 Fakkeltog for forfølgde: NIM ønsker å ha soknerådet med som arrangør av fakkeltog for forfølgde kristne. Datoen er sett til 8.november 2026. Det er i utgangspunktet sett opp ordinær gudsteneste i Norheimsund denne søndagen. Kva ønskjer vi for ei slik markering, og kven kan tenkje seg å vere med i arbeidet vidare?

Vedtak: Me er opne for å vera med, men ynskjer å vera med i planlegginga. Me er litt usikre på datoen.

6/26 Ikon. Tove orienterer om status for ikona til Solrunn Nes, og vi diskuterer vegen vidare.

TF har hatt to møte med Solrunn. Ikona er ferdige. Det skal lagast ein fotomontasje der ein viser bileta. På årsmøtet skal me presentera dette. Vetle tek montasjen med til Bispedømmekontoret.

Vedtak: SR sender ein formell søknad til Biskopen i Bjørgvin. Me informerer på årsmøtet at me har sendt søknad.

7/26 Flygelkomité. Soknerådet hadde eit møte med kantorane i desember 2025, der ønsket om eit nytt flygel blei lagt fram. TF hadde eit nytt møte med kantorane 21.januar. Nå ønskjer dei mandat frå soknerådet til å starte

ein flygelkomité. Komiteen skal ha ansvar for og vere drivkrafta i å samle inn midlar til flygel. Etterkvart skal òg komitèen vere ansvarlege for samarbeidet med Hardingtonar.

Vedtak: SR gjev komitèen eit mandat til å jobba vidare med saka. I komitèen sit TF, Sevi og Ulf + evt andre (sjølvsupplerande).

8/26 Eventuelt

Ingen saker.

Gudrun Skeie Langeland, ref.